

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **30. april 2019** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 12.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Otto Underbakke (H), Berit Myrland (SV) og Tormod Skeie (SV)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunekasserar Arnfinn Gundersen i sak 9, einingsleiar sjukeheimen Nora Thorbjørnsen og løns- og personalsjef Tordis-Kristin Tobiassen sak 8
ANDRE SOM MØTTE:	Controller Aslak Moe frå Suldal Elverk KF/ Haugaland Kraft AS i sak 10
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 07/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.02.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.02.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 30.04.19:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.04.19:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.02.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 08/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 30.04.19

11. Orientering om fakturering i etterkant av dødsfall v/rådmannen
12. Orientering om arbeidsmiljølova og tilsettingar v/rådmannen
13. Statusoversikt pr. april 2019
14. Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjaren for Suldal kommune
15. Protokoll frå representantskapsmøte 10.04.19 – IKA IKS
16. Representantskapsmøte 06.05.19 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Representantskapsmøte 30.04.19 – Haugaland Vekst IKS
18. Representantskapsmøte 26.04.19 – Haugaland brann og redning IKS

Handsaming i kontrollutvalet 30.04.19:

Einingsleiar sjukeheimen Nora Thorbjørnsen orienterte om etterberekningrutinane for vederlagsberekning på sjukeheimen. Løns- og personalsjef Tordis-Kristin Tobiassen orienterte om tilsetningsreglementet og oppfølging av reglementet.

Leiar gjorde greie for referatsakene 13 – 18. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.04.19:

Referatsakene 11 - 18 blir tatt til orientering.

SAK 09/19 SULDAL KOMMUNE – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2018

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2018 slik den ligg føre / med desse endringane / tillegga.....

Handsaming i kontrollutvalet 30.04.19:

Kommunekasserar Arnfinn Gundersen orienterte om årsrekneskapen og årsmeldinga. Utvalet slutta seg til framlegg til uttale.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.04.19:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2018 slik den ligg føre:

Suldal kommune sin årsrekneskap for 2018 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 13,5 millionar kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 61,5 millionar kroner. Det utgjer 10,7 %, som er godt over tilrådd nivå på 1,75 %.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2018 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.18.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen andre merknader til Suldal kommune sin rekneskap anna enn det som går fram av revisor sitt årsoppgjørnotat og revisjonsmeldinga.

SAK 10/19 SULDAL ELVERK KF – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2018

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til særreksneskapen til Suldal KF 2018 slik den ligg føre / med desse endringane / tilleggga.....

Handsaming i kontrollutvalet 30.04.19:

Controller Aslak Moe orienterte om årsreksneskapen og status for samanslåinga av selskapet med Haugaland Kraft AS.

Utvalet slutta seg til framlegg til uttale

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.04.19:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til særreksneskapen til Suldal KF 2018 slik den ligg føre:

Kontrollutvalet har merka seg at Suldal Elverk KF sin rekneskap for 2018 viser eit årsresultat på 15,5 mill. kr.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsreksneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2018 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.18.

Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk KF sin særreksneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørnotat og revisjonsmeldinga.

YMSE

Målbruksplan

Utvalsleiar ønskte, med bakgrunn i ein telefon frå leiar av Suldal mållag, at rådmannen i neste møte orienterer om bruk og oppfølging av Suldal kommune sin målbruksplan.

Neste møte: torsdag 06.06.19, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 30.04.19

Vanja Ignjatic
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær